



Bakkengard-Bognøy v/ Olav Andre Soltveit
Nordre Steinestø 7
5108 HORDVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1654 - 18/20903

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
28.09.2018

Godkjenning av søknad om utsett arbeidsfrist SMIL-prosjekt brenning av kystlynghei Gbnr. 51/4 Landsvik

Administrativt vedtak. Saknr: 253/2018

Saksutgreiing:

Bakkengard-Bognøy v/ Olav Andre Soltveit søker i epost datert 22.08.2018 om utsett arbeidsfrist for å gjøre ferdig SMIL-tiltak. Tiltaket gjeld brenning og skjøtsel av kystlynghei på Gbnr. 51/4 på Landsvik i administrativt vedtak saknr. 269/2015. Arbeidsfristen går ut 01.10.2018. Fylkesmannen sin ref. 15/011542.

Vurdering:

Prosjektet har kome godt i gang og det er gjort ein del arbeid. Søklar har brent mesteparten av areal som skal brennast, men det er at nokre mindre område. Det står også att noe rydding av mindre busker og trær. Lyngbrenning er krevjande arbeid som tek tid, og det er viktig med dei rette vêrtilhøva og fuktighet i bakken for at det kan gjennomførast på ein trygg måte. Vidare skal det brennast på rett tid av året. Det har vore utfordrande å få dei rett forholda i riktig periode av året.

Kommunen vurderer at grunnane som ligg bak at arbeidet ikkje blir avslutta innan fristen, må akseptierast. Det er vanskeleg å planlegge lyngbrenning slik at ein får rett vêrtilhøve og fuktighet i rett periode av året. Samstundes krev lyngbrenning god planlegging for å kunne gjennomførast på ein trygg måte. Administrasjonen meiner at arbeidet er godt i gang og at det gjort mykje godt arbeid i prosjektet. Det er difor viktig at prosjektet vert slutført og tiltaket ferdigstilt. Kommunen vil difor godkjenne søknad om utsett arbeidsfrist for ferdigstilling.

Vedtak

«Meland kommune gjev med dette Bakkengard-Bognøy v/ Olav Andre Soltveit utvida frist til 01.10.2020 med å gjennomføra siste del av tiltaket som det vart løyvd midlar til i delegert vedtak saknr. 269/2015. Det er ingen endring i villkåra som gjeld for gjennomføring og ferdigstilling. Kommunen syner i denne samanheng til vedtaket som vart fatta i delegert vedtak saknr. 269/2015.

Vedtaket har heimel i forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket § 5. »

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldane delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtaket er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

Mottakere:

Bakkengard-Bognøy v/ Olav Andre
Soltveit

Nordre Steinestø 7 5108

HORDVIK